


Eksemplar, Mattias Härenstam



Vi skal ikke lage lærebøker, Marthe Ramm Fortun.

Forside: *Betraktere*, Mattias Härenstam.

Besøksadresse: Muséplass 3, 5007 Bergen

Kunstnare: Mattias Härenstam, Marthe Ramm Fortun

Ferdigstilt: Oktober 2019

Prosjektleder KORO: Janicke Heggem Rudi Iversen

Kurator: Marit Paasche

Kunstutvalg: Henrik von Achen, Siri Meyer, Paul Amble,
Geir Barton Torsæter.

Dokumentasjonsfoto: Pål Hoff

Grafisk design: Ulf Carlsson

KUNSTEN I UNIVERSITETS- MUSEET



KORO
KUNST I OFFENTLIGE ROM

KORO
KUNST I OFFENTLIGE ROM

Tid, minne og forholdet mellom museet og dei som besøker det, står sentralt i kunstprosjektet *Minervas stemme* på Universitetsmuseet i Bergen.

Minerva, den romerske gudinna for visdom, har skoda ut over Bergen frå hovudinngangen til Universitetsmuseet sidan bygget stod ferdig i 1865. Uglar var følgesveinen til Minerva og er å finne i logoen til universitetet. Kunstnarane Marthe Ramm Fortun og Mattias Härenstam har utvikla arbeid som kommuniserer med det verneverdige bygget og dei historiske utstillingane.

– Sentralt for kunstprosjektet har vore museet sin funksjon som vernar eller behalar av tid samt møtet mellom den særeigne museumsarkitekturen og publikum. Både *minne* og *kunnskap* er viktige stikkord. Vi har, i overført tyding, tatt Minerva ned frå den opphøgde plassen på fasaden og inn i bygget for å undersøke museet som ein stad for organisering og framsyning av kunnskap, seier kurator for prosjektet, Marit Paasche.

Härenstam har laga to store skulpturar i tre. I *Eksemplar* følger skulpturen forma til stamma, men det meste av tremassen er fjerna. Det skaper ei taktil spenning mellom nærvær og fråvær, innside og utsida. Skulpturen utstrålar noko udefinerbart, noko som motset seg kategorisering. *Betraktere* består av fire individuelle organiske former i eik og ask. I botnen av kvar form kviler ei handblåst glaskule som leikar seg med lyset. Skulpturane beveger seg gjennom to hol i golvet, som museet kallar «*kunnskapshol*», og leier tanken til utgangspunktet for all vitskapleg verksemd: korleis vi går frå påstand til kunnskap, og kven som definerer kva.


Ramm Fortun set historia i spel med samtidta i arbeida sine. *Vi skal ikke lage lærebøker* består av to fotografiske seriar og ein performance. Den første serien består av ti fotografi, mange av dei er installerte i vitrineskåpa blant museet sine eigne utstillingar i den freda andreetasjen. Serien er ei lågmaelt forstyrring som spelar mot Härenstam si undersøking av forholdet mellom sjåar og objekt.

I tillegg har Ramm Fortun forplikta seg til å halde éin performance i året frå 2019 til 2028. Ved stadig å vende tilbake til museet får kunstnaren moglegheita til å undersøke korleis dei besøkande, museet og ho sjølv endrar seg i løpet av ti år. Kvar performance vil bli følgd av eit fotografi og ein tekst som blir overlevert til museet. Slik vil det etter kvart bli danna ein ny fotografisk serie, som vil fylle dei tomme rammene ved inngangen til tårnrommet i tredje etasje.

Alle fotografia i prosjektet er tatt av Kristine Jakobsen.



Marthe Ramm Fortun si fotografiske serie *Vi skal ikke lage lærebøker* er montert i museets andreetasje. Fleire av dei er plassert i dei freda vitrineskåpa.



Mattias Härenstam sine to skulpturar heng i kvart sitt rom i fyrste etasje.